

Byggmester Hagewick AS
Holtermandsvegen 21B
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/4357 - 21/39309

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
09.06.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 323/119 Frekhaug

Tiltak: Tilbygg, utvendig fasadeendring
Byggjestad: Gbnr: 323/119
Tiltakshavar: Francis Billy Rath
Ansvarleg søkjar: Byggmester Hagewick AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 06.05.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Tilbakemelding på om det ligg føre merknadar frå naboar.
Søknaden er send inn før nabofristen er ute og du må opplysa om det ligg føre nabomerknadar.
2. Situasjonsplanen må påførast ytre hovudmål, avstand til nabogrense og avstand til midt kommunal veg.
3. Oppdaterte teikningar over eksisterande og ny situasjon som viser rominndeling og romfunksjon.
4. Søknad om dispensasjon frå byggegrensa mot kommunal veg.
Byggegrensa mot kommunal veg går ikkje fram av plankartet og det er veglova sine reglar for byggegrense på vedtakstidspunktet for reguleringsplanen som gjeld. Den er 12,5 meter frå midt veg. Eit kvart tiltak som vert etablering innanfor byggegrensa vil krevja at det vert søkt om og gitt dispensasjon.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **01.07.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før

innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Byggmester Hagewick AS	Holtermandsvegen 21B	5918	FREKHAUG
Francis Billy Rath	Tjørnavegen 13	5918	FREKHAUG
Francis Billy Rath	Tjørnavegen 13	5918	FREKHAUG

Mottakarar:

Byggmester Hagewick AS	Holtermandsvegen 21B	5918	FREKHAUG
------------------------	----------------------	------	----------